



MØTEPROTOKOLL

Arkivsak: 12/154

Løpenummer: 12/7870

Utval: Formannskapet

Møtestad: Kommunetunet

Møtedato: 30.11.2012

Tid: 08:30 -

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med §32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene i brev av 16.11.12.

Møtet vart kunngjort i ei avis, på heimesida og ved oppslag på kunngjeringsstadar i kommunen.

Desse medlemene møtte:

Atle Kvåle, Ap

Asbjørn Heidal, Krf

Birgitte H.O.Skibenes, SV

Hans S. Vindenes, Sp

Margunn Y. Samnøy, Sp

Miikal Leigland, Sp

Magne Djuvik, Frp

Steinar Skår, H

Kristine Hjartnes, Frp

Andre som var tilstade på møtet:

Rådmann Berit Fløisand

Kommunalsjef Øyvind Haga

Kontorsjef Gunn Sissel Teigen

Økonomisjef Georg Espenes

Merknader til innkalling og sakliste:

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, leia møtet.

Evt. merknader til protokollen må sendast til Fusa kommune innan 14 dagar.

Eikelandsosen, 30.11.12

Hans S. Vindenes

Ordførar

Gunn Sissel Teigen

Ansvarleg sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
087/12	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLER FRÅ MØTA 29.09. OG 17.10.2012
088/12	DELEGERTE SAKER
089/12	BUDSJETT 2013 MED AVGIFTSBUDSJETT. HANDLINGSPROGRAM MED ØKONOMIPLAN 2013 - 2016
090/12	STRANDVIK NYE BARNEHAGE - GODKJENNING AV LEIGE-/ LEASINGSAVTALE
091/12	SØKNAD OM KJØP AV EIGEDOM FRÅ FUS A KOMMUNE
092/12	VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGANE I FUSA KOMMUNE
093/12	FRAMLEGG TIL VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I FUSA KOMMUNE
094/12	POLITISK MØTEPLAN 2013
095/12	RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR FUSA - 2012 - 2016 - ENDRINGAR I VEDTEKEN PLAN
096/12	PROSJEKTRAPPORTERING - FORMANNSKAPET 2012
097/12	SØKNAD OM KOMMUNAL MEDFINANISIERING TIL LIV OG LYST-PROSJEKT I STRANDVIK
098/12	AVTALE MED SYNS- OG AUDIOPEDAGOGISK TENESTE - HORDALAND 2013-2016

087/12: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLER FRÅ MØTA 29.09. OG 17.10.2012

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møtebøkene frå møta 29.09. og 17.10.2012 vert godkjende.

30.11.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR-087/12 VEDTAK:

Møtebøkene frå møta 29.09. og 17.10.2012 vert godkjende.

088/12: DELEGERTE SAKER

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Saka vert teke til orientering.

30.11.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR-088/12 VEDTAK:

Saka vert teke til orientering.

089/12: BUDSJETT 2013 MED AVGIFTSBUDSJETT. **HANDLINGSPROGRAM MED ØKONOMIPLAN 2013 - 2016**

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Saka vert lagt fram for handsaming slik det framgår i saksutgreiinga

30.11.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Uttalar frå arbeidsmiljøutvalet, ungdomsrådet og råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne, var sendt ut pr e-post og vart delt ut i møtet 30.11.11.

På vegne av Frp, H og Sp fremja Magne Djuvik, Frp, følgjande felles forslag:

I. PREMISSAR FOR DRIFTSBUDSJETT/INVESTERINGSBUDSJETT/ AVGIFTSBUDSJETT 2013 OG HANDLINGSPROGRAM MED ØKONOMIPLAN 2013 - 2016

Kommunestyret vedtek ansvarsområda sine nettorammer.

Rådmannen har i løpet av året fullmakt til å omdisponera midlar innan ansvarsområda og til å føreta justeringar mellom ansvarsområda når dette er knytt til budsjett-tekniske endringar eller beløpa er knytt til mindre vesentlege endringar som ikkje er av prinsipiell karakter.

Rådmannen har fullmakter til å føreta budsjettendringar knytt til tilleggs løyving løn (sentrale/lokale forhandlingar) og pensjonskostnadene innan heile driftsbudsjettet.

II. SKATTELEGGINGA

- a) I samsvar med Stortingsprop. Nr 1 (20012/2013) vert den kommunale skattøren sett til høgaste sats på eige og inntekt.
- b)
1. Med heimel i eigedomsskatteloven §§ 2 og 3 bokstav a) skal det for 2013 skrivast ut eigedomsskatt i heile Fusa kommune.
2. Den generelle skattesatsen vert fastsett til 7 o/oo. Med heimel i eigedomsskattelova § 12 bokstav a) vert skattesatsen for bustad- og fritidseigedommar sett til 2 o/oo. På huslause (ingen bygningar av noko slag) eigedomar vert skatteøyret sett til 0, dette gjeld ikkje næringseigedomar.
3. Det vert gjeve eit botnfrådrag for kvar sjølvstendig bustadeining og fritidshus på 30% av takstgrunnlaget .
4. Fritak som skal gis i 2013 medhald av eigedomsskattelova § 7:
 - o § 7 a) - Samfunnshus, ungdomshus, grendahus, idrettsanlegg, Hålandsdalen Leirskole og Vinnes Friskule.
 - o § 7 b) - Bygningar som har historisk verdi og som kommunestyret tidlegare har gitt fritak frå eigedomsskatt.
 - o Høvet til å søkja om fritak heimla i § 7 a) og b) vert kunngjort av administrasjonen. Eigedommar som tidlegare har fått innvilga fritak treng ikkje senda inn ny søknad for 2013. Dersom det vert gitt fritak skal eigar informera Fusa kommune dersom drifta opphøyrer eller vert endra frå opprinneleg formål.
 - o § 7 c) Nye bustad (ikkje fritidshus) får fritak frå eigedomsskatt i 10 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar dette fritaket. Fritaket vert gitt frå 1. januar året etter ferdigstilling av boligen (etter at det er gitt midlertidig bruksløyve/ferdigattest).

III. RENTER AV FONDSMIDLAR

Renter av følgende fondsmidler vert teke til inntekt over driftsbudsjettet: konto 2.1020.202 - Ymse fondsverde.

IV. BUDSJETT FOR FUSA KOMMUNE 2013

a)DRIFTSRAMMER

DRIFTSRAMMER (NETTO) FOR DEI YMSE ANSVARSOMRÅDA - for 2013

Alle tal i heile 1 000 kr

Ansvarsområde	Nettorammer 2012
10 Folkevalde organ og revisjon	3 800
11 Rådmannen sin stab	19 640
12 Fellesteneste og fellesutgifter	
13 Felles skular og barnehagar	7 000
14 Byggesak, oppmåling, brann	4 262
15 Kyrkjer m.m.	3 608
16 Kulturskulen	2 345
17 Kultur og idrett	2 608
18 Legetenesta	5 620
22 Fusa ungdomsskule	14 839
23 Nore Fusa skule	7 319
25 Eikelandsoen oppvekstsenter	12 936
26 Holdhus oppvekstsenter	7 905
27 Søre Fusa oppvekstsenter	5 752
28 Strandvik oppvekstsenter	6 634
29 Fusa oppvekstsenter	10 343
32 Barn, familie og velferd	12 415
33 Heimetenester	33 417
34 Rehabilitering	5 183
35 Fusa bu- og behandlingssenter	34 927
42 Teknisk drift	4 455
60 Landbruk	1 142
SUM NETTO DRIFTSRAMMER	206 150

Oversyn over inntektssida	
Skatteanslag	88 700
Eigedomsskatt	10 500
Rammetilskot	113 081
Skjønstilskot	4 900
Netto inntekstutjamning	3 014
Ref. momskompensasjon	11 000
Ref. kapitalutgifter	1 940
Premieavvik inkl. arbeidsgjevaravgift	2 000
Sal av konsesjonskraft	500
Disposisjonsfond, bruk av	0
Frå lånevsetjingar, vatn/avlaup	0
SUM INNTEKTER	235 635

Oversyn over utgiftssida	
Avdrag (netto)	8 605
Renter (netto)	4 205
Avsetjing til disposisjonsfond (samhandlingsreforma)	3 680
Tilskot til investeringsbudsjett, momskompensasjon	4 800
Lønsoppgjjer	7 200
SUM RENTE, AVDRAG, MVA OG PREMIEAVVIK	28 490
Nettorammer einingane	206 150
SUM UTGIFTER – RENTE/AVDRAG M.M.	234 640
BALANSE	995

Følgjande endringar i høve til arbeidsnotat frå rådmannen er innarbeidd i driftsbudsjettet framfor(alle tal i heile 100)

10 Folkevalde organ og revisjon: - 287

12 Fellestenesta og fellesutgifter: - 900, styrking av IKT og arbeid med eigedomskatt utgår

13 Felles skular og barnehager: - 1050, er forhøgt budsjettet ut i frå rekneskap 2011, prisstigning og justeringar gjort i budsjett for 2012 og 2013.

154 Andre religiøse føremål: -10.

17 Kultur og idrett: -200, reduksjon av administrasjon resurs

25 E.sosen oppvekstsenter: -212, same kutt som dei andre oppvekstsentra

60 Landbruk. – 100. Skotpremie og tilskot til veterinær utgår.

Andre punkt.

1. Kommunestyret skal oppretta ei ad-hoc gruppe som skal sjå på kva kommunale vegar ein skal/kan overføra til private.

2. Rådmannen skal utarbeida ei oversikt over tenester ein kan/bør løysast med interkommunalt samarbeid.

3. Fusa kommune gjev driftstilskot via næringsfondet til Fusa Utviklingsselskap på kr 250.000 for 2013.

4. Driftsrammer for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen:

Løyving for 2013 vert kr 716.000,- inkludert mva.utgifter. (dvs. ei vidareføring av løyvde midlar kr 721.000 for 2012 med prisjustering på kr 15.000,- for 2013. Men løyvinga til kontrollutvalet og forvaltningsrevisjon for 2013 vert redusert pga. området skal ta kr 20.000 som andel sin av reduksjon innsparing på ansvarsområde 10.)

5. Ein føreset at rådmannen kjem med sak på nyåret. Saka skal vurdere konsekvensar den nye ramma har for oppvekstetaten.

b) KOMMUNALE BETALINGSSATSAR, AVGIFTER OG GEBYR 2013

Kommunale betalingssatsar, avgifter og gebyr vert vedteke, slik det framgår av vedlegga i rådmannen sitt notat.

V. INVESTERINGSPROGRAM 2013 – 2016 (Heile 1000 kr)

Fusa kommune vedtek følgjande investeringsprogram:

Nr.	Prosjekt	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Sjølvfinansierte tiltak								
020	Hovudplan avløp	2 600	2 010	-	1 600	860	1 000	1 000
030	Hovudplan vatn	1 500	1 100	-	1 100	4 600	1 000	1 000
Tiltak for å effektivsera/vidareføra drifta								
031	Dagsentertilbod, jfr Ksak 22/10		1 750					
032	Ferdiggjering uteområde, rømningsveg Søre Fusa		250					
033	Søre Fusa - ny snuplass -reg.plan				250			
041	Ferdiggjering/ oppgradering uteområde FBBS		100					
050	Pleie og omsorg, legetenesta - div. utstyr	400	400	-	400	400	400	400
060	Heimet. - ny sjukeheimsbil	500	750					
070	Trafikksikring vegar, kryss RV 552/Oppsalmarka	2 500	1 100	500	600	500	500	500
080	Opprusting vegar jfr. Hovudplan	750	500	-	1 600	1 500	1 500	1 500
090	Adresse og vegskilting - Hålandsdalen + Søre delen	100	450		100			
100	E-kommune - digitale tenester	1 350	4 250	1 500	2 900	1 500	1 000	1 000
101	Førebuing og etablering av elektronisk arkiv		300	-	1 000	500	500	500
103	Meldingsløftet e-På - samhandlingsreforma				360			
110	Læremiddel og IKT, skule/barnehage	300	650	-	300	300	300	300
120	Kartlegging/geodata	180	100	-	100			
130	Leikeplassar - uteområde barnehagar	150	150	-	150	150	150	150
141	Effektivisering - avlastningsbustad etc.	250	-	-	2 800	1 000		
150	Fusa ungdomsskule - universell utforming			-	1 100			
161	Nore Fusa oppveksenter - inkl. reprasjon av tak	250	4 375		6 000	4 000		
162	Prosjekt skular				500			
163	Strandvik oppvekstsenter- arbeidsplassar				1 000			
180	Komm.bygg tiltak etter kartlegging	1 500	2 515	-	1 500	5 000	5 000	5 000
191	Musikkbinge		410	-		450		

200	Tiltak/oppgradering bygg/anlegg kyrkjesektor	400	400	-	400	400	400	400
201	Kommuneplan Arealdel				1 000	1 000	1 000	
202	Opprusting av skulebibliotek			-	350	350	350	350
Større investeringar og/eller eingongstiltak								
210	Reidskapsberar/vedlikehaldsmaskin		1 650					
211	Totalstasjon oppmåling		100					
212	Innbinding av møtebøker				300			
220	Områdeplan E.osen/arealplan mm	250	500	300	150			
214	Reguleringsplan Holdhus m.m.							
230	Forprosjekt Adm.bygg - evt med "familiens hus", legekantor mv.	250						
240	Fleirbrukshall/idrettshall	150		300		-	-	-
241	Rehabilitering symjehall		6 700	1 000	500			
242	Turstiar		150	-				
250	Eikhovdaheimen	4 000	8 185	1 115				
251	Kyrkjejubileum		300					
260	Brannutstyr, vaktbil og ny brannbil Venjaneset	220			2 000	350		
270	Ombygging deler av FBBS til omsorgsbustader				5 000	7 000		
280	Naudaggregat, FBBS				500			
998	Startlån				5 000	5 000	5 000	5 000
999	RV 48 Tunnel ytre Tysse, utlån/forskottering				5 000			
Samla investering		17 600	39 145	4 715	43 560	34 860	18 100	17 100
	Av dette egenkapital, frå drift (momskompensasjon)	-430	-3 644	-720	-4 800	-4 800	-2 200	-2 000
	<i>Tilskot frå anna drift</i>			-	-			
	Statens vegvesen, tilskot tiltak nr. 26							
	Unytta lånemidlar - prosjekt nr. 23 og 25	-750		-				
	Unytta lånemidlar - prosjekt nr. 1 og 14b		-1 750					
	Unytta lånemidlar 2010 - prosjekt nr.25		-4 000					
	Unytta lånemidlar IKT		-1 000					
	Unytta lånemidlar - prosjekt 6		-500					

Unyttå lånemidlår - prosjekt nr.18		-750					
Unyttå lånemidlår - prosjekt nr.12		-430					
Unyttå lånemidlår - prosjekt 161		-600					
Unyttå lånemidlår - 2.9100.032		-1 000					
Unyttå lånemidlår kto 29100006 (prosjekt 090)				-100			
Sal av gammel reiskapsberar		-100					
Tilskot til musikkbinge		-200					
Statstilskot svømmehall				0	-2 700		
Tilskot frå husbanken Eikhovda		-1 525	-1 115				
Tilskot frå Husbanken prosjekt 141					-560		
Tilskot frå Husbanken til prosjekt 270						-3 600	
Bundne fond, 2.5130.001							
Disposisjonsfond, 2.5695.001		-1 600					
Tilskot tettstadutvikling Leiro nr 22		-70					
Totalt låneopptak	16 350	22 046	2 880	38 660	26 800	12 300	15 100
Herav sjølvfinansierte lån	5 600	3 110	-	1 060	2 000	2 000	2 000
Netto lån	10 750	18 936	2 880	37 600	24 800	10 300	13 100

VI. ØKONOMIPLAN 2013 – 2016 (Heile 1000 kr)

Økonomiplan vert endra i samsvar med framfornemde slik at følgjande økonomiplan vert vedteken:

NR	ØKONOMIPLAN 2013 - 2016 etter innsparingsføring 1 frå formannskapet				
	Årstal	2013	2014	2015	2016
1	Rammetilskot	-113 081	-113 462	-113 779	-113 792
2	Statl. Tiltakspakke m.m.	0	0	0	0
3	Skjønstilskot	-4 900	-4 900	-4 900	-4 900
4	Skattar, forskotspliktig	-88 700	-88 700	-88 700	-88 700
5	Netto inntektsutjamning	-3 014	-3 014	-3 014	-3 014
6	Eigedomsskatt	-10 500	-10 500	-10 500	-10 500
7	Momskompensasjon	-11 000	-9 800	-7 200	-7 000
8	Refusjon stat for kapitalutg.	-1 940	-1 970	-1 970	-1 970
9	Sal av konsesjonskraft	-500	-500	-500	-500
10	Sum	-233 635	-232 846	-230 563	-230 376
11	Avdrag, netto	8 605	9 290	9 380	9 590
12	Renter, netto	4 205	4 855	5 425	5 570
13	Sum avdrag/renter	12 810	14 145	14 805	15 160
14	Lønsopgjjer	7 200	7 200	7 200	7 200
15	Premieavvik inkl. arb.gj.avg.	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
16	Refusjon til annan kommune				
17	Samhandlingsreforma	3 680	3 680	3 680	3 680
18	Avsetjing til bundne fond				
19	Frå låneavsetjingar				
20	Tilskot til invest.budsjett, mva.	4 800	4 800	2 200	2 000
21	Driftsresultat				
22	Netto inntektsgrunnlag	-207 145	-205 021	-204 678	-204 336
23	Dispensasjonsfond				
24	Netto driftsrammer etter kutt	206 150	206 150	206 150	206 150
25	Resultat	-995	1 129	1 472	1 814

Asbjørn Heidal, Krf, fremja følgjande forslag:

II. Skattlegginga

b) Bortfall av botnfrådrag elles som forslag frå Frp, H og SP.

Pkt IV vedk. driftsbudsjett:

A Vedk. driftsrammer 2013

DRIFTSRAMMER (NETTO) FOR DEI YMSE ANSVARSOMRÅDA - for 2013

Alle tal i heile 1 000 kr

Ansvarsområde	Nettorammer 2012
10 Folkevalde organ og revisjon	4 300
11 Rådmannen sin stab	21 150
12 Fellesteneste og fellesutgifter	
13 Felles skular og barnehagar	8 050
14 Byggesak, oppmåling, brann	4 262
15 Kyrkjer m.m.	3 618
16 Kulturskulen	2 457
17 Kultur og idrett	3 002
18 Legetenesta	5 620
22 Fusa ungdomsskule	14 839
23 Nore Fusa skule	7 319
25 Eikelandsosen oppvekstsenter	13 148
26 Holdhus oppvekstsenter	7 905
27 Søre Fusa oppvekstsenter	5 752
28 Strandvik oppvekstsenter	6 634
29 Fusa oppvekstsenter	10 343
	-1 700
SUM DRIFTRAMME OPPVEKST	64 240
32 Barn, familie og velferd	12 415
33 Heimetenester	33 817
34 Rehabilitering	5 572
35 Fusa bu- og behandlingssenter	35 327
42 Teknisk drift	4 455
60 Landbruk	1 112
SUM NETTO DRIFTSRAMMER	209 397

Oversyn over inntektssida	
Skatteanslag	88 428
Eigedomsskatt	11 900
Rammetilskot	113 081
Skjønstilskot	4 900
Netto inntektsutjamning	3 176
Ref. momskompensasjon	9 200
Ref. kapitalutgifter	1 940
Premieavvik inkl. arbeidsgjevaravgift	2 000
Sal av konsesjonskraft	500
Disposisjonsfond, bruk av	0
Frå lånevsetjingar, vatn/avlaup	0
SUM INNTEKTER	235 125
Oversyn over utgiftssida	
Avdrag (netto)	8 290
Renter (netto)	4 205
Avsetjing til disposisjonsfond (samhandlingsreforma)	3 680
Tilskot til investeringsbudsjett, momskompensasjon	3 360
Lønsoppgjjer	7 271
SUM RENTE, AVDRAG, MVA OG PREMIEAVVIK	26 806
Nettorammer einingane	209 397
SUM UTGIFTER – RENTE/AVDRAG M.M.	236 203
BALANSE	-1 078

Endring	Utgifter
213	Folkevalde ikkje reduksjon
610	Sentraladm/fellesutgifter
112	Kulturskule
194	Kultur/idrett
400	Ansvarsvakt kveld skal behaldast
	Dagsenter skal ikkje blir ramma
389	Rehabilitering
400	1 stilling nattevakt skal behaldast
-100	Skotpremie og veterinæravtale
-2 mill	I reduksjon til opplæring
600	Av reduksjonen til opplæring på kr 2 mill skal kr 600 tilbakeførast i delingstimar første halvår
	Auka inntekter
2 mill	Auka skatteanslag
1,4 mill	Fjerna botnfrådrag

Angående reduksjon i skule, må det fremjast sak til kommunestyret vår 2013.

Driftsrammer for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen:

Løyving for 2013 vert kr 716.000,- inkludert mva.utgifter. (dvs. ei vidareføring av løyvde midlar kr 721.000 for 2012 med prisjustering på kr 15.000,- for 2013. Men løyvinga til kontrollutvalet og forvaltningsrevisjon for 2013 vert redusert pga. området skal ta kr 20.000 som andel sin av reduksjon innsparing på ansvarsområde 10.)

b) KOMMUNALE BETALINGSSATSAR, AVGIFTER OG GEBYR 2013

Kommunale betalingssatsar, avgifter og gebyr vert vedteke, slik det framgår av vedlegga i rådmannen sitt notat.

V

Investeringsprogram 2013 – 2016:

Som rådmannen jf. rådmannen sitt arbeidsnotat.

V. Økonomiplan 2013 – 2016 i samsvar med ovanemnde framlegg og med driftsrammer med utgangspunkt med ramma for 2013.

På vegne av Ap og SV fremja Atle Kvåle, Ap, følgjande felles framlegg:

II. Skattlegginga

b) Ta vekk botnfrådraget egiedomskatt: 1,4 mill. Auka eigedomskatt hus/hytter 1 promille. Elles som forslag frå Frp, H og SP.

Pkt IV vedk. driftsbudsjett:**A Vedk. driftsrammer 2013****DRIFTSRAMMER (NETTO) FOR DEI YMSE ANSVARSOMRÅDA - for 2013**

Alle tal i heile 1 000 kr

Ansvarsområde	Nettorammer 2012
10 Folkevalde organ og revisjon	4 087
11 Rådmannen sin stab	20 540
12 Fellesteneste og fellesutgifter	
13 Felles skular og barnehagar	8 050
14 Byggesak, oppmåling, brann	4 262
15 Kyrkjer m.m.	3 618
16 Kulturskulen	2 457
17 Kultur og idrett	3 002
18 Legetenesta	5 620
22 Fusa ungdomsskule	14 839
23 Nore Fusa skule	7 319
25 Eikelandssosen oppvekstsenter	13 148
26 Holdhus oppvekstsenter	7 905
27 Søre Fusa oppvekstsenter	5 752
28 Strandvik oppvekstsenter	6 634
29 Fusa oppvekstsenter	10 343
Delingstimar	900
32 Barn, familie og velferd	12 415
33 Heimetenester	33 817
34 Rehabilitering	5 572
35 Fusa bu- og behandlingssenter	35 327
42 Teknisk drift	4 455
60 Landbruk	1 112
SUM NETTO DRIFTSRAMMER	211 174
Oversyn over inntektssida	
Skatteanslag	88 428
Eigedomsskatt	13 700
Rammetilskot	113 081
Skjønstilskot	4 900
Netto inntekstutjamning	3 176
Ref. momskompensasjon	9 200
Ref. kapitalutgifter	1 940
Premieavvik inkl. arbeidsgjevaravgift	2 000
Sal av konsesjonskraft	500
Disposisjonsfond, bruk av	0
Frå lånevsetjingar, vatn/avlau	0
SUM INNTEKTER	236 925

Oversyn over utgiftssida	
Avdrag (netto)	8 290
Renter (netto)	4 205
Avsetjing til disposisjonsfond (samhandlingsreforma)	3 680
Tilskot til investeringsbudsjett, momskompensasjon	3 360
Lønsoppgjjer	7 271
SUM RENTE, AVDRAG, MVA OG PREMIEAVVIK	26 806
Nettorammer einingane	211 174
SUM UTGIFTER – RENTE/AVDRAG M.M.	237 980
BALANSE	-1 055

Føringar i framlegg til vedtak driftsrammer:

Ansvarsområde 16 (Kulturskulen)

Tar vekk kutt på kr. 112,- Ramme 2013: 2.457

Ansvarsområde 17 (Kultur og idrett)

Tar vekk kutt på kr. 194,- Ramme 2013: 3.002

Ansvarsområde 22 – 29 (oppvekst)

Fører tilbake kr. 900.000 etter kutt Ramme 2013: 66.840

Øyremerkast delingstimar

Ansvarsområde 33 (Heimetenester)

Fører tilbake kr. 400.000 etter kutt Ramme 2013: 33.817

Oppretthalda :Oppretthalda Sjukepleiaransvarsvakta på kveld

Oppretthalda stilling som Fagutviklingsjukepleiar

Oppretthalda Dagsenter for funksjonshemma

Innsparing : Tenestestandard + generalia

Ansvarsområde 34 (Rehabilitering)

Tar vekk kutt på kr. 389,- Ramme 2013: 5.572

Ansvarsområde 35 (FBBS)

Fører tilbake kr. 400.000 etter kutt Ramme 2013: 35.327

Oppretthalda : 1 nattevakt (2 årsverk)

Innsparing : Tenestestandard + generalia

.Driftsrammer for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen:

Løyving for 2013 vert kr 716.000,- inkludert mva.utgifter. (dvs. ei vidareføring av løyvde midlar kr 7210.00 for 2012 med prisjustering på kr 15.000,- for 2013. Men løyvinga til kontrollutvalet og forvaltningsrevisjon for 2013 vert redusert pga. området skal ta kr 20.000 som andel sin av reduksjon innsparing på ansvarsområde 10.)

Driftsrammer – auka inntekter:

Ta vekk botnfrådraget eigedomsskatt	:	1.4	mill
Auka eigedomsskatt (hus / hytter 1 promille	:	1.8	mill
Auke skatteanslag	:	2.0	mill
Landbruk	:	0.130 mill	(0,100)
Total auke inntekter	:	5.330	mill 5,300 ~M

c) KOMMUNALE BETALINGSSATSAR, AVGIFTER OG GEBYR 2013

Kommunale betalingssatsar, avgifter og gebyr vert vedteke, slik det framgår av vedlegga i rådmannen sitt notat.

V

Investeringsprogram 2013 – 2016:

Som det framgår av rådmannen sitt arbeidsnotat.

V. Økonomiplan 2013 – 2016 i samsvar med ovanemnde framlegg.

Røysting:

Pkt I i framlegget frå Magne Djuvik vart samrøystes tilrådd.

Pkt II a) i framlegget frå Magne Djuvik vart samrøystes tilrådd.

Pkt II b) i framlegget frå Magne Djuvik vart tilrådd med 6 røyster. (2 Frp, 1 H, 3 Sp)

Pkt II b) i framlegget frå Asbjørn Heidal fekk 1 røyst. (1 Krf)

Pkt II b) i framlegget frå Atle Kvåle fekk 2 røyster. (1 Ap, 1 SV)

Pkt III i framlegget frå Magne Djuvik vart samrøystes tilrådd.

Pkt IV vedk. driftsbudsjett:

A Vedk. driftsrammer 2013

Framlegget frå Frp, H og Sp fremja av Magne Djuvik, Frp, vart tilrådd med 6 røyster. (2 Frp, 1 H, 3 Sp)

Framlegget frå Asbjørn Heidal, Krf, fekk 1 røyst.

Framlegget frå Ap og SV fremja av Atle Kvåle, Ap, fekk 2 røyster. (1 Ap, 1 SV)

b) Vedk. avgiftsbudsjett 2013

Samrøystes tilråding:

Kommunale betalingssatsar, avgifter og gebyr vert vedteke, slik det framgår av vedlegga i rådmannen sitt notat.

V. Investeringsprogram 2013 – 2016

Framlegget frå Frp, H og Sp fremja av Magne Djuvik, Frp, vart tilrådd med 6 røyster. (2 Frp, 1 H, 3 Sp)

Som framlegget i rådmannen sitt budsjettnotat fekk 3 røyster. (1 Ap, 1Krf, 1 SV)

.

V. Økonomiplan 2013 – 2016

Framleggett frå Frp, H og Sp fremja av Magne Djuvik, Frp, vart tilrådd med 6 røyster. (2 Frp, 1 H, 3 Sp)

Framlegget frå Ap og SV fremja av Atle Kvåle, Ap, fekk 2 røyster. (1 Ap, 1 SV)

Framlegget frå Asbjørn Heidal, Krf, fekk 1 røyst.

Til slutt i møtet vart det votert over samla budsjettframlegg:

Framlegget frå Frp, H og Sp fremja av Magne Djuvik, Frp, vart tilrådd med 6 røyster. (2 Frp, 1 H, 3 Sp)

Framlegget frå Asbjørn Heidal, Krf, fekk 1 røyst.

Framlegget frå Ap og SV fremja av Atle Kvåle, Ap, fekk 2 røyster. (1 Ap, 1 SV)

FOR-089/12 TILRÅDING:

I. PREMISSAR FOR DRIFTSBUDSJETT/INVESTERINGSBUDSJETT/ AVGIFTSBUDSJETT 2013 OG HANDLINGSPROGRAM MED ØKONOMIPLAN 2013 - 2016

Kommunestyret vedtek ansvarsområda sine nettorammer.

Rådmannen har i løpet av året fullmakt til å omdisponera midlar innan ansvarsområda og til å føreta justeringar mellom ansvarsområda når dette er knytt til budsjett-tekniske endringar eller beløpa er knytt til mindre vesentlege endringar som ikkje er av prinsipiell karakter.

Rådmannen har fullmakter til å føreta budsjettendringar knytt til tilleggsløyving løn (sentrale/lokale forhandlingar) og pensjonskostnadene innan heile driftsbudsjettet.

II. SKATTELEGGINGA

- a) I samsvar med Stortingsprop. Nr 1 (20012/2013) vert den kommunale skattøren sett til høgaste sats på eige og inntekt.
- b)
 1. Med heimel i eigedomsskatteloven §§ 2 og 3 bokstav a) skal det for 2013 skrivast ut eigedomsskatt i heile Fusa kommune.
 2. Den generelle skattesatsen vert fastsett til 7 o/oo. Med heimel i eigedomsskattelova § 12 bokstav a) vert skattesatsen for bustad- og fritidseigedommar sett til 2 o/oo. På huslause (ingen bygningar av noko slag) eigedomar vert skatteøyret sett til 0, dette gjeld ikkje næringseigedomar.
 3. Det vert gjeve eit botnfrådrag for kvar sjølvstendig bustadeining og fritidshus på 30% av takstgrunnlaget .
 4. Fritak som skal gis i 2013 medhald av eigedomsskattelova § 7:
 - o § 7 a) - Samfunnshus, ungdomshus, grendahus, idrettsanlegg, Hålandsdalen Leirskole og Vinnes Friskule.
 - o § 7 b) - Bygningar som har historisk verdi og som kommunestyret tidlegare har gitt fritak frå eigedomsskatt.
 - o Høvet til å søkja om fritak heimla i § 7 a) og b) vert kunngjort av administrasjonen. Eigedommar som tidlegare har fått innvilga fritak treng ikkje senda inn ny søknad for 2013. Dersom det vert gitt fritak skal eigar informera Fusa kommune dersom drifta opphøyrer eller vert endra frå opprinneleg formål.
 - o § 7 c) Nye bustad (ikkje fritidshus) får fritak frå eigedomsskatt i 10 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar dette fritaket. Fritaket vert gitt frå 1. januar året etter ferdigstilling av boligen (etter at det er gitt midlertidig bruksløyve/ferdigattest).

III. RENTER AV FONDSMIDLAR

Renter av følgjande fondsmidlar vert teke til inntekt over driftsbudsjettet: konto 2.1020.202 - Ymse fondsverde.

IV. BUDSJETT FOR FUSA KOMMUNE 2013

a)DRIFTSRAMMER

DRIFTSRAMMER (NETTO) FOR DEI YMSE ANSVARSOMRÅDA - for 2013

Alle tal i heile 1 000 kr

Ansvarsområde	Nettorammer 2012
10 Folkevalde organ og revisjon	3 800
11 Rådmannen sin stab	19 640
12 Fellesteneste og fellesutgifter	
13 Felles skular og barnehagar	7 000
14 Byggesak, oppmåling, brann	4 262
15 Kyrkjær m.m.	3 608
16 Kulturskulen	2 345
17 Kultur og idrett	2 608
18 Legetenesta	5 620
22 Fusa ungdomsskule	14 839
23 Nore Fusa skule	7 319
25 Eikelandssosen oppvekstsenter	12 936
26 Holdhus oppvekstsenter	7 905
27 Søre Fusa oppvekstsenter	5 752
28 Strandvik oppvekstsenter	6 634
29 Fusa oppvekstsenter	10 343
32 Barn, familie og velferd	12 415
33 Heimetenester	33 417
34 Rehabilitering	5 183
35 Fusa bu- og behandlingssenter	34 927
42 Teknisk drift	4 455
60 Landbruk	1 142
SUM NETTO DRIFTSRAMMER	206 150

Oversyn over inntektssida	
Skatteanslag	88 700
Eigedomsskatt	10 500
Rammetilskot	113 081
Skjønstilskot	4 900
Netto inntekstutjamning	3 014
Ref. momskompensasjon	11 000
Ref. kapitalutgifter	1 940
Premieavvik inkl. arbeidsgjevaravgift	2 000
Sal av konsesjonskraft	500
Disposisjonsfond, bruk av	0
Frå låneavsetjingar, vatn/avlau	0
SUM INNTEKTER	235 635

Oversyn over utgiftssida	
Avdrag (netto)	8 605
Renter (netto)	4 205
Avsetjing til disposisjonsfond (samhandlingsreforma)	3 680
Tilskot til investeringsbudsjett, momskompensasjon	4 800
Lønsoppgjer	7 200
SUM RENTE, AVDRAG, MVA OG PREMIEAVVIK	28 490
Nettorammer einingane	206 150
SUM UTGIFTER – RENTE/AVDRAG M.M.	234 640
BALANSE	995

Følgjande endringar i høve til arbeidsnotat frå rådmannen er innarbeidd i driftsbudsjettet framfor(alle tal i heile 100)

10 Folkevalde organ og revisjon: - 287

12 Fellestenesta og fellesutgifter: - 900, styrking av IKT og arbeid med eigedomskatt utgår

13 Felles skular og barnehager: - 1050, er forhøgt budsjett ut i frå rekneskap 2011, prisstigning og justeringar gjort i budsjett for 2012 og 2013.

154 Andre religiøse føremål: -10.

17 Kultur og idrett: -200, reduksjon av administrasjon resurs

25 E.sosen oppvekstsenter: -212, same kutt som dei andre oppvekstsentra

60 Landbruk. – 100. Skotpremie og tilskot til veterinær utgår.

Andre punkt.

1. Kommunestyret skal oppretta ei ad-hoc gruppe som skal sjå på kva kommunale vegar ein skal/kan overføra til private.

2. Rådmannen skal utarbeida ei oversikt over tenester ein kan/bør løysast med interkommunalt samarbeid.

3. Fusa kommune gjev driftstilskot via næringsfondet til Fusa Utviklingsselskap på kr 250.000 for 2013.

4. Driftsrammer for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen:

Løyving for 2013 vert kr 716.000,- inkludert mva.utgifter. (dvs. ei vidareføring av løyvde midlar kr 721.000 for 2012 med prisjustering på kr 15.000,- for 2013. Men løyvinga til kontrollutvalet og forvaltningsrevisjon for 2013 vert redusert pga. området skal ta kr 20.000 som andel sin av reduksjon innsparing på ansvarsområde 10.)

5. Ein føreset at rådmannen kjem med sak på nyåret. Saka skal vurdere konsekvensar den nye ramma har for oppvekstetaten.

b) KOMMUNALE BETALINGSSATSAR, AVGIFTER OG GEBYR 2013

Kommunale betalingssatsar, avgifter og gebyr vert vedteke, slik det framgår av vedlegga i rådmannen sitt notat.

V. INVESTERINGSPROGRAM 2013 – 2016 (Heile 1000 kr)

Fusa kommune vedtek følgjande investeringsprogram:

Nr.	Prosjekt	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Sjølvfinansierte tiltak								
020	Hovudplan avløp	2 600	2 010	-	1 600	860	1 000	1 000
030	Hovudplan vatn	1 500	1 100	-	1 100	4 600	1 000	1 000
Tiltak for å effektivisera/vidareføra drifta								
031	Dagsentertilbod, jfr Ksak 22/10		1 750					
032	Ferdiggjering uteområde, rømningsveg Søre Fusa		250					
033	Søre Fusa - ny snuplass -reg.plan				250			
041	Ferdiggjering/ oppgradering uteområde FBBS		100					
050	Pleie og omsorg, legetenesta - div. utstyr	400	400	-	400	400	400	400
060	Heimet. - ny sjukeheimsbil	500	750					
070	Trafikksikring vegar, kryss RV 552/Oppsalmarka	2 500	1 100	500	600	500	500	500
080	Opprusting vegar jfr. Hovudplan	750	500	-	1 600	1 500	1 500	1 500
090	Adresse og vegskilting - Hålandsdalen + Søre delen	100	450		100			
100	E-kommune - digitale tenester	1 350	4 250	1 500	2 900	1 500	1 000	1 000
101	Førebuing og etablering av elektronisk arkiv		300	-	1 000	500	500	500
103	Meldingsløftet e-På - samhandlingsreforma				360			
110	Læremiddel og IKT, skule/barnehage	300	650	-	300	300	300	300
120	Kartlegging/geodata	180	100	-	100			
130	Leikeplassar - uteområde barnehagar	150	150	-	150	150	150	150
141	Effektivisering - avlastningsbustad etc.	250	-	-	2 800	1 000		
150	Fusa ungdomsskule - universell utforming			-	1 100			
161	Nore Fusa oppveksenter - inkl. reprasjon av tak	250	4 375		6 000	4 000		
162	Prosjekt skular				500			
163	Strandvik oppvekstsenter- arbeidsplassar				1 000			
180	Komm.bygg tiltak etter kartlegging	1 500	2 515	-	1 500	5 000	5 000	5 000
191	Musikkbinge		410	-		450		

200	Tiltak/oppgradering bygg/anlegg kyrkjesektor	400	400	-	400	400	400	400
201	Kommuneplan Arealdel				1 000	1 000	1 000	
202	Opprusting av skulebibliotek			-	350	350	350	350
Større investeringar og/eller eingongstiltak								
210	Reidskapsberar/vedlikehaldsmaskin		1 650					
211	Totalstasjon oppmåling		100					
212	Innbinding av møtebøker				300			
220	Områdeplan E.osen/arealplan mm	250	500	300	150			
214	Reguleringsplan Holdhus m.m.							
230	Forprosjekt Adm.bygg - evt med "familiens hus", legekantor mv.	250						
240	Fleirbrukshall/idrettshall	150		300		-	-	-
241	Rehabilitering symjehall		6 700	1 000	500			
242	Turstiar		150	-				
250	Eikhovdaheimen	4 000	8 185	1 115				
251	Kyrkjejubileum		300					
260	Brannutstyr, vaktbil og ny brannbil Venjaneset	220			2 000	350		
270	Ombygging deler av FBBS til omsorgsbustader				5 000	7 000		
280	Naudaggregat, FBBS				500			
998	Startlån				5 000	5 000	5 000	5 000
999	RV 48 Tunnel ytre Tysse, utlån/forskottering				5 000			
Samla investering		17 600	39 145	4 715	43 560	34 860	18 100	17 100

Av dette egenkapital, frå drift (momskompensasjon)	-430	-3 644	-720	-4 800	-4 800	-2 200	-2 000
<i>Tilskot frå anna drift</i>			-	-			
Statens vegvesen, tilskot tiltak nr. 26							
Unyttta lånemidler - prosjekt nr. 23 og 25	-750		-				
Unyttta lånemidler - prosjekt nr. 1 og 14b		-1 750					
Unyttta lånemidler 2010 - prosjekt nr.25		-4 000					
Unyttta lånemidler IKT		-1 000					
Unyttta lånemidler - prosjekt 6		-500					
Unyttta lånemidler - prosjekt nr.18		-750					
Unyttta lånemidler - prosjekt nr.12		-430					
Unyttta lånemidler - prosjekt 161		-600					
Unyttta lånemidler - 2.9100.032		-1 000					
Unyttta lånemidler kto 29100006 (prosjekt 090)				-100			
Sal av gammal reiskapsberar		-100					
Tilskot til musikkbinge		-200					
Statstilskot svømmehall				0	-2 700		
Tilskot frå husbanken Eikhovda		-1 525	-1 115				
Tilskot frå Husbanken prosjekt 141					-560		
Tilskot frå Husbanken til prosjekt 270						-3 600	
Bundne fond, 2.5130.001							
Disposisjonsfond, 2.5695.001		-1 600					
Tilskot tettstadutvikling Leiro nr 22	-70						
Totalt låneopptak	16 350	22 046	2 880	38 660	26 800	12 300	15 100
Herav sjølvfinansierte lån	5 600	3 110	-	1 060	2 000	2 000	2 000
Netto lån	10 750	18 936	2 880	37 600	24 800	10 300	13 100

VI. ØKONOMIPLAN 2013 – 2016 (Heile 1000 kr)

Økonomiplan vert endra i samsvar med tilrådinga slik at følgjande økonomiplan vert vedteken:

NR	ØKONOMIPLAN 2013 - 2016 etter innsparingsføring 1 frå formannskapet				
	Årstal	2013	2014	2015	2016
1	Rammetilskot	-113 081	-113 462	-113 779	-113 792
2	Statl. Tiltakspakke m.m.	0	0	0	0
3	Skjønstilskot	-4 900	-4 900	-4 900	-4 900
4	Skattar, forskotspliktig	-88 700	-88 700	-88 700	-88 700
5	Netto inntektsutjamning	-3 014	-3 014	-3 014	-3 014
6	Eigedomsskatt	-10 500	-10 500	-10 500	-10 500
7	Momskompensasjon	-11 000	-9 800	-7 200	-7 000
8	Refusjon stat for kapitalutg.	-1 940	-1 970	-1 970	-1 970
9	Sal av konsesjonskraft	-500	-500	-500	-500
10	Sum	-233 635	-232 846	-230 563	-230 376
11	Avdrag, netto	8 605	9 290	9 380	9 590
12	Renter, netto	4 205	4 855	5 425	5 570
13	Sum avdrag/renter	12 810	14 145	14 805	15 160
14	Lønsopgjer	7 200	7 200	7 200	7 200
15	Premieavvik inkl. arb.gj.avg.	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
16	Refusjon til annan kommune				
17	Samhandlingsreforma	3 680	3 680	3 680	3 680
18	Avsetjing til bundne fond				
19	Frå låneavsetjingar				
20	Tilskot til invest.budsjett, mva.	4 800	4 800	2 200	2 000
21	Driftsresultat				
22	Netto inntektsgrunnlag	-207 145	-205 021	-204 678	-204 336
23	Dispensasjonsfond				
24	Netto driftsrammer etter kutt	206 150	206 150	206 150	206 150
25	Resultat	-995	1 129	1 472	1 814

090/12: STRANDVIK NYE BARNEHAGE - GODKJENNING AV LEIGE-/ LEASINGSAVTALE

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Saka vert lagt fram utan tilråding. Det vert vist til saksutgreiinga.

30.11.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Varaordførar Atle Kvåle, Ap, fremja følgjande forslag:

Saka vert utsett.

Framlegget frå Atle Kvåle, Ap, fall mot 2 røyster. (1 Ap, 1 Krf)

Steinar Skår, H, fremja følgjande framlegg:

Formannskapet godkjenner avtalen slik den ligg føre.

Framlegget frå Steinar Skår vart samrøystes tilrådd.

FOR-090/12 VEDTAK:

Formannskapet godkjenner avtalen slik den ligg føre.

091/12: SØKNAD OM KJØP AV EIGEDOM FRÅ FUSA KOMMUNE

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune sel ca. 500 m2 av gnr. 23 bnr.40.

Dette er arealet som grensar mot gnr. 23 bnr. 51 i ein avstand på ca. 2,5 m frå vegkant.

Pris er kr.,- pr. m2

Kjøpar betalar i tillegg for oppmåling og omkostningar i samband med overdraginga.

30.11.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, fremja følgjande forslag til tillegg:

Pris er kr. 100,- pr. m2

Framlegget frå rådmannen og tillegget frå Hans S. Vindenes, Sp, vart samrøystes tilrådd.

FOR-091/12 VEDTAK:

Fusa kommune sel ca. 500 m2 av gnr. 23 bnr.40.

Dette er arealet som grensar mot gnr. 23 bnr. 51 i ein avstand på ca. 2,5 m frå vegkant.

Pris er kr. 100,- pr. m2

Kjøpar betalar i tillegg for oppmåling og omkostningar i samband med overdraginga.

092/12: VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGANE I FUSA KOMMUNE

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGANE I FUSA KOMMUNE VERT ENDRA SLIK AT DEI SAMSVARER MED AVGIFTSREGULATIVET OG FORELDREBETALING I SFO.

30.11.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR-092/12 VEDTAK:

Vedtekter for skulefritidsordningane i Fusa kommune vert endra slik at dei samsvarer med avgiftsregulativet og foreldrebetaling i SFO.

093/12: FRAMLEGG TIL VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I FUSA KOMMUNE

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I FUSA KOMMUNE VERT ENDRA SLIK FRAMLEGGET VISER, SLIK AT DEI ER I SAMSVAR MED BARNEHAGELOV OG AVGIFTSREGULATIVET FOR FUSA KOMMUNE.

30.11.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Varaordførar Atle Kvåle, Ap, fremja følgjande forslag:

Som rådmann med fylgjande tillegg:

1.Punkt 2. Godkjenning. 50% blir endra til 60%.

2. Punkt 8 h. Prinsipp for opptak

Dei kommunale barnehagane tar opp barn i alderen 0-6 år. Ein kan søkja om 60% plass eller 100% plass. 9 t/dag heiltid frå kl 0730 -1630.

11. Punkt 11 – 2.setning. Søskenmoderasjon vert gjeven med 25% for barn nr 2 og 50% for barn nr 3.

Det var subsidiær røystegjeving.

Framlegget frå rådmannen fall mot 2 røyster. (1 Krf, 1 Sp Margunn Y. Samnøy)

Følgjande del av framlegget frå Atle Kvåle, Ap, vart tilrådd med 7 røyster:

(1 Ap, 1 H, 1 Frp, 2 Sp Hans S. Vindenes, Mikal Leigland, 1 SV)

Som rådmann med fylgjande tillegg:

1.Punkt 2. Godkjenning. 50% blir endra til 60%.

2. Punkt 8 h. Prinsipp for opptak

Dei kommunale barnehagane tar opp barn i alderen 0-6 år. Ein kan søkja om 60% plass eller 100% plass. 9 t/dag heiltid frå kl 0730 -1630.

Følgjande del av framlegget frå Atle Kvåle, Ap, vart samrøystes tilrådd:

11. Punkt 11 – 2.setning. Søskenmoderasjon vert gjeven med 25% for barn nr 2 og 50% for barn nr 3.

FOR-093/12 VEDTAK:

Vedtekter for barnehagane i Fusa kommune vert endra slik framlegget viser, slik at dei er i samsvar med barnehagelov og avgiftsregulativet for Fusa kommune. Følgjande endringar vert gjort i rådmannen sitt framlegg:

1.Punkt 2. Godkjenning. 50% blir endra til 60%.

2. Punkt 8 h. Prinsipp for opptak

Dei kommunale barnehagane tar opp barn i alderen 0-6 år. Ein kan søkja om 60% plass eller 100% plass. 9 t/dag heiltid frå kl 0730 -1630.

11. Punkt 11 – 2.setning. Søskenmoderasjon vert gjeven med 25% for barn nr 2 og 50% for barn nr 3.

094/12: POLITISK MØTEPLAN 2013

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune vedtek framlegg til møteplan.

Gruppemøte :

Måndag i utvalsmøteveka og kommunestyreveka.

Utval:

Ungdomsrådet

Senior- og funksjonsrådet

Formannskapet

Administrasjonsutvalet

Utval for plan og miljø

Kommunestyret

Møtedag:

Tysdag i utvalsmøteveka

Tysdag i utvalsmøteveka

Onsdag i utvalsmøteveka

Onsdag i utvalsmøteveka

Torsdag i utvalsmøteveka.

Onsdag

I 2013 skal ein fortrinnsvis ha ettermiddags/kveldsmøte.”

30.11.2012 FORMANNSKAPET

Steinar Skår, H, fremja følgjande framlegg:

Som framlegg frå rådmannen med følgjande endring:

Møtedag for kommunestyret vert endra frå onsdagar til tysdagar.

Framlegget frå Steinar Skår og framlegg om at møtedato for formannskap og administrasjonsutvalet i juni vert endra til 04.06.12 vart samrøystes tilrådd:

FOR-094/12 VEDTAK:

Fusa kommune vedtek følgjande framlegg til møteplan:

Gruppemøte :

Måndag i utvalsmøteveka og kommunestyreveka.

Utval:

Ungdomsrådet

Senior- og funksjonsrådet

Formannskapet

Administrasjonsutvalet

Utval for plan og miljø

Kommunestyret

Møtedag:

Tysdag i utvalsmøteveka

Tysdag i utvalsmøteveka

Onsdag i utvalsmøteveka

Onsdag i utvalsmøteveka

Torsdag i utvalsmøteveka.

Tysdag

I 2013 skal ein fortrinnsvis ha ettermiddags/kveldsmøte.”

POLITISK MØTEPLAN FOR 2013– FUSA KOMMUNE

Vedteken møteplan finn du også på heimesida vår under politikk www.fusa.kommune.no

Utval	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni
	Møtedag	Møtedag		Møtedag	Møtedag	Møtedag
Ungdomsråd		19.02.13		23.04.13		04.06.13
Senior- og funksjonsrådet		19.02.13		23.04.13		04.06.13
Formannskapet		20.02.13		24.04.13		04.06.13
Administrasjonsutvalet		20.02.13				04.06.13
Utval for plan og miljø		21.02.13		25.04.13		06.06.13
Kommunestyret			05.03.13		07.05.13	18.06.13
Kommunestyret		06.02.13 Opplæring for folkevalde		16.04.13 Synfaring BIR, Bergen		

UTVAL	Juli	August	September	Oktober	November	Desember
	Møtedag	Møtedag	Møtedag	Møtedag	Møtedag	Møtedag
Ungdomsråd			24.09.13		26.11.13	
Senior- og funksjonsrådet			24.09.13		26.11.13	
Formannskapet			25.09.13		27.11.13	
			Budsjett-konferanse 16. og 17.09.13			
Administrasjonsutvalet			25.09.13		27.11.13	
Utval for plan og miljø			26.09.13		28.11.13	
Kommunestyret				15.10.13		17.12.13

Den 27.11.13 skal formannskapet gje innstilling vedk. budsjett og økonomiplan. Tilrådinga vert lagt ut til offentleg ettersyn i minst 14 dagar før kommunestyret handsamar saka.

Kommunestyremøtet 18.12.13 er i utgangspunktet heildagsmøte der budsjett og økonomiplan vert handsama.

Saksdokumenta og møteprotokollane finn du under politiske saker.

Saksdokumenta/Innkallingane vert vanlegvis seinast lagt ut 7 dagar før møtet. Når møtet er referert, vert møteprotokollen lagt ut på heimesida. Kjem det opp saker det hastar med, kan det vera innkalla til ekstra møte i dei einsskildte utvala. Dersom det er behov for ekstramøter i planutvalet kan dei leggjast til kommunestyret sin møtedag. Utvala og kommunestyret skal fortrinnsvis ha ettermiddags-/kveldsmøte.

095/12: RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR FUSA - 2012 - 2016 - ENDRINGAR I VEDTEKEN PLAN

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Det vert gjort følgjande endringar og presiseringar i rusmiddelpolitisk handlingsplan vedteken 20.06.12:

"Skjenketida ute vert utvida til kl 00.30 med fortæringstid kl 01.00."

Endring under punkt 2 i retningslinjer for tildeling av sals- og skjenkeløyve.

Tillegg:

"Nytt punkt:

2.4 b. Skjenkeløyve til uteservering vert gitt til stadar med fast skjenkeløyve, men kan også gjevast til forsamlingshus etter søknad i spesielle høve."

"Forsamlingshus kan få skjenkeløyve til uteservering inntil 2 gonger pr kalenderår"

Korleis arrangementet skal gjennomførast, må framgå av søknaden.

”2.4.c. Stadar med fast skjenkeløyve kan få utvida skjenketid på uteservering til kl 01.30 med fortæringstid til kl 02.00 ved inntil to særskilde arrangement/festivalar pr kalenderår.”
”Vinnestivalen” vert bytt ut med større arrangement dvs. arrangement planlagt for over 500 deltakarar.”

Utgår:

2.13. Går ut.

Rådmannen sitt framlegg alternativ 1:

Det vert ikkje opna for løyve til å arrangera konsert/festival med alkoholserving der ungdom i alderen 15-18 får tilkomst i egne skjenkefrie soner.

Intensjonen i framlegget er god, at ungdom skal få tilgang til egne rusfrie soner på konsertar og festivalar, men dette er vanskeleg å gjennomføra i praksis med dei arrangement og kulturlokale ein har i Fusa per i dag

Rådmannen sitt framlegg alternativ 2:

I ein prøveperiode på 3 år opnar ein for at det kan søkjast om løyve til å arrangera konsert/festival med alkoholserving der ungdom i alderen 15-18 får tilkomst i egne skjenkefrie soner. Kommunestyret evaluerer ordninga etter prøveperioden. I søknaden må det m.a. framgå at det vert ivareteke at det er eit "arrangement i arrangementet", jf. moment i saksutgreiinga.

Korleis arrangementet skal gjennomførast, må framgå av søknaden.

30.11.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg alternativ 1 fall mot 3 røyster. (1 Frp Magne Djuvik, 1 Krf, 1 Sp ordførar Hans S. Vindenes)

Rådmannen sitt framlegg alternativ 2 vart tilrådd med 6 røyster. (1 Frp Kristine Hjartnes, 1 H, 2 Sp Margunn Y. Samnøy, Mikal Leigland, 1 SV)

Framlegget til vedtak frå rådmannen vart elles samrøystes tilrådd.

FOR-095/12 VEDTAK:

Det vert gjort følgjande endringar og presiseringar i rusmiddelpolitisk handlingsplan vedteken 20.06.12:

”Skjenketida ute vert utvida til kl 00.30 med fortæringstid kl 01.00.”

Endring under punkt 2 i retningslinjer for tildeling av sals- og skjenkeløyve.

Tillegg:

”Nytt punkt:

2.4 b. Skjenkeløyve til uteservering vert gitt til stadar med fast skjenkeløyve, men kan også gjevast til forsamlingshus etter søknad i spesielle høve.”

”Forsamlingshus kan få skjenkeløyve til uteservering inntil 2 gonger pr kalenderår”

Korleis arrangementet skal gjennomførast, må framgå av søknaden.

”2.4.c. Stadar med fast skjenkeløyve kan få utvida skjenketid på uteservering til kl 01.30 med fortæringstid til kl 02.00 ved inntil to særskilde arrangement/festivalar pr kalenderår.”

”Vinnestivalen” vert bytt ut med større arrangement dvs. arrangement planlagt for over 500 deltakarar.”

Utgår:

2.13. Går ut.

I ein prøveperiode på 3 år opnar ein for at det kan søkjast om løyve til å arrangera konsert/festival med alkoholserving der ungdom i alderen 15-18 får tilkomst i eigne skjenkefrie soner. Kommunestyret evaluerer ordninga etter prøveperioden. I søknaden må det m.a. framgå at det vert ivareteke at det er eit "arrangement i arrangementet", jf. moment i saksutgreiinga.

Korleis arrangementet skal gjennomførast, må framgå av søknaden.

096/12: PROSJEKTRAPPORTERING - FORMANNSKAPET 2012

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Prosjektrapporten vert teken til etterretning.

30.11.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR-096/12 VEDTAK:

Prosjektrapporten vert teken til etterretning.

097/12: SØKNAD OM KOMMUNAL MEDFINANSIERING TIL LIV OG LYST-PROSJEKT I STRANDVIK

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune ser det som særst positivt at nærmiljøet i Strandvik søkjer om å etablere eit 3-årig Liv og lyst-prosjekt frå 2013.

Alt 1: Fusa kommune vil følgja aktivt opp tiltaket i prosjektperioden. Under føresetnad av løyving frå "Liv og lyst" –ordninga løyver Fusa kommune kr 30.000,- i kommunal medfinansiering kvart år med verknad frå 2013. Løyvinga blir gjeve av kto 1.4701.1001.1010, tilskot etter søknad – ordføraren sin tilskotskonto.

Alt 2: Fusa kommune vil følgja aktivt opp tiltaket i prosjektperioden, og m.a. bidra med rådgjevingsressursar. Fusa kommune har ikkje midlar til å gje direkte økonomisk stønad til prosjektet.

30.11.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Alternativ 1 i rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FOR-097/12 VEDTAK:

Fusa kommune ser det som særst positivt at nærmiljøet i Strandvik søker om å etablere eit 3-årig Liv og lyst-prosjekt frå 2013.

Alt 1: Fusa kommune vil følgja aktivt opp tiltaket i prosjektperioden. Under føresetnad av løyving frå "Liv og lyst" –ordninga løyver Fusa kommune kr 30.000,- i kommunal medfinansiering kvart år med verknad frå 2013. Løyvinga blir gjeve av kto 1.4701.1001.1010, tilskot etter søknad – ordføraren sin tilskotskonto.

098/12: AVTALE MED SYNS- OG AUDIOPEDAGOGISK TENESTE - HORDALAND 2013-2016

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

FUSA KOMMUNE GODKJENNER NY AVTALE FOR SYNS- OG AUDIOPEDAGOISK TENESTE I HORDALAND, FOR PERIODEN 01.01.2013 – 31.12.2016 SLIK DEN LIGG FØRE.

30.11.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR-098/12 VEDTAK:

Fusa kommune godkjenner ny avtale for syns- og audiopedagoisk teneste i hordaland, for perioden 01.01.2013 – 31.12.2016 slik den ligg føre.